



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

Sundve/Myrkdalen skule



Motiverande og læringsfremjande elevvurdering.

26. oktober – 29. oktober 2009



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses frå 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Sundve/Myrkdalen skule ligg på Vossestrand ved Riksveg 16, om lag 20 km nord for Vossevangen. Elevane i barneskulen kjem frå Sundve krins, medan elevane i ungdomsskulen kjem frå Jordalen, Oppheim og Myrkdalen.

Sundve/Myrkdalen skule vart i mai 2009 organisert som ei eining med administrasjon på Sundve. Det er 114 elevar på skulen i år, medan Myrkdalen skule har 12 elevar.

Skulen har 17 lærarar og 4 assistentar.
Skulen har og SFO med om lag 20 barn.

Sundve/Myrkdalen sin visjon er:

Ein god stad å vera, ein god stad å læra.

Det overordna målet er tryggleik, trivsel, læring og utvikling for alle. Alt som vert planlagt skal ha dette som grunnlag.

I Strategisk utviklingsplan for skulen for 2009-2013 er målet:

Å skapa eit godt læringsmiljø for utvikling av heilskapleg kompetanse i samarbeid mellom elev, heim og skule.

Å utvikla skulen som lærande organisasjon.

3 – Vurderingstema

Ut frå Ståstadsanalysen skulle skulen arbeida vidare med fylgjande punkt:

- Motivasjon og uthaldenheit
- Eleven er kjent med kompetansemåla
- Læraren forklarar eleven kva som skal til for å nå måla

På grunnlag av dette har skulen bedt om at det blir sett fokus på fylgjande under vurderinga:

Ei motiverande og læringsfremjande elevvurdering.



4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Bakgrunnen for begrepet: Tidligere var det vanlig å samle på glansbilder. Englene med glitter på vingene, var de spesielt vakre. Ingen vet eksakt hvordan engler ser ut, men en kunne vel ønske at de så ut som på gamle glansbilder!

Tema:

Motiverande og læringsfremjande elevvurdering.

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Skulen drøftar ulike omgrep innanfor vurdering med og utan karakterar• Skulen har felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering• Det er lagt til rette for samarbeid• Det er lagt til rette for samarbeidslæring/metodedrøfting• Skulen har fokus på tilpassa opplæring• Personalet er opne for endringar



	<ul style="list-style-type: none">• Skulen vurderer jamnleg verksemda si• Leiinga gjev god informasjon og dei tilsette søkjer og informasjon sjølve
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">• Vurderinga vert brukt for å dokumentera kompetanse• Vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim• Vurderinga vert brukt for å leggje til rette for tilpassa opplæring• Vurderinga fremjer eleven si evne til å gjere bevisste val• Eleven er bevisst på eigne læringsprosessar• Eleven får vera med å bestemma kva som skal vurderast når det er naturleg
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Eleven får repsons på arbeidet sitt• Det vert gjennomført elevsamtalar/utviklingssamtalar• Eleven får undervegsvurdering• Læraren forklarar kva som må til for å nå kompetansemåla
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering• Elevar og foreldre er med på evaluering av vurderingspraksisen• Skulen har eit system for kartlegging og oppfølging av resultat

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar, foreldre – FAU, tilsette på skulen og rektor.
- Eksterne: Janne Brurok og Willy Solberg

Grunngjeving for val av informantar:

Elevvurdering – individuell vurdering - er eit sentralt område i skulekvardagen. Det er difor viktig at alle involverte partar vert tatt med i vurderinga.



6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Aktivitet	Ansvar
Veke 35	Skulen meldt vurderingstema til vurderingsgruppa	Skulen
10.09	Vurderarpar tildelt skulen – Janne Brurok og Willy Solberg	Vurderingsgruppa
Veke 37	Oppretta kontakt med skulen for å avtala eit fyrste møte mellom skulen og vurderarparet	Vurderarane
28.09	Fyrste møte mellom skulen og vurderarparet. Informasjon til skulen om gangen i vurderinga og verta einige med skulen om sjølve vurderingsveka – veke 44.	Rektor og vurderarane
Veke 41	Forslag til glansbilete sendt skulen for gjennomgang. Kriteria vert drøfta på skulen, og dei returnerer desse til vurderarparet i løpet av veke 42.	Vurderarane og rektor
Veke 41-42	Utarbeiding av samtaleguidar for tilsette, elevar og foreldre	Vurderarane.
Veke 44	Måndag 26. oktober: 08.00-08.15: Vurderingsgruppa har informasjonsmøte med tilsette. 08.15-08.45: Intervju med 1. klasselevar 08.45-09.15: Intervju med 2. klasselevar 09.15-09.45: Intervju med 3. klasselevar 09.45-10.00: Observasjon i friminutt/ friminutt 10.00-10.30: Intervju med 4. klasselevar 10.30-11.00: Intervju med 5. klasselevar 11.00-11.30: Lunsj 11.30-12.30: Intervju med 6.+7. klasselevar 12.30-13.00: Observasjon i friminutt/ pause 13.00-13.30: Intervju med 10. klasselevar 13.30-14.00: Pause 14.00-15.00: Intervju med tilsette, gruppe 1 19.00-20.30: FAU- møte	



	<p>Tysdag 27. oktober: 08.15-08.45: Intervju med 9. klasseelevar 08.45-09.15: Intervju med 8. klasseelevar 09.15-09.45: Observasjon i 2.-3. klasse 09.45-10.00: Observasjon i friminutt/ pause 10.00-11.00: Observasjon 4.-5. klasse 11.00-11.30: Lunsj 11.30-12.00: Observasjon 1. klasse 12.00-12.45: Observasjon 10. klasse 12.30-13.00: Observasjon i friminutt/ pause 13.00-14.00: Intervju med tilsette, gruppe 2 14.00-15.00: Intervju med tilsette, gruppe 3</p> <p>Onsdag 28. oktober: 08.15-09.00: Observasjon 6.-7. klasse 09.00-09.45: Observasjon 9. klasse 09.45-10.00: Observasjon i friminutt/ pause 10.00-11.00: Observasjon 8. klasse 11.00-12.00: Intervju, gruppe 4 12.00 Vurderingsgruppa jobbar med rapporten</p> <p>Torsdag 29. oktober: Samtale med rektor 14.00-15.00: Presentasjon av rapporten for personalet (etatsjef)</p>	
Veke 45	<p>Rapporten vert sendt leiar av vurderingsgruppa for arkivering. Den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida. Rapporten vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk.</p>	Vurderarane
Innan 1.desember	<p>Skulen evaluerar vurderingsveke og sender svar til vurderarane som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Opheim Lygre.</p>	Rektor og vurderarane



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument: arbeidsplanar og resultat av elevundersøkinga. Vidare fann ein stoff frå skulen på nettet.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar. Tema i desse samtalanene er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med FAU –klassekontaktane og heile 18 av 20 innkalla møtte.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i klassane både på barnesteget og ungdomssteget. Vidare var me ute i friminutta.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon.

- *det er lagt til rette for samarbeid*
- *det er lagt til rette for samarbeidslæring /metodedrøfting*

Fleire lærarar gav uttrykk for at det var mange diskusjonar om korleis dei skulle gjera ulike ting. Spesielt var det mykje godt samarbeid mellom lærarar på same steg.

Skulen har allereie eit samarbeid med Evanger barne- og ungdomsskule og Granvin skule.

Assistentane kunne derimot ynskt seg noko meir samarbeid enn kva tilfelle er i dag.

- *personalet er opne for endringar*

Det skjer stadig noko nytt i skulekvardagen som lærarane og elevane må halde seg til. Likevel meinte dei tilsette at dei ikkje var negative for det. Spesielt kom det fram at dei var opne for endringar når det kom elevane til gode. At skulen allereie hadde hatt elevvurdering på agendaen ei tid, viser at dei ikkje er i mål med elevvurdering, men dei vil halda fram arbeidet.

- *leiinga gjev god informasjon og dei tilsette søkjer og informasjon sjølve*

Dei tilsette var godt nøgd med informasjonsflyten på skulen. Leiinga gav god informasjon, og skulen har oppslagstavler kor dei tilsette sjølve kan henta informasjon. Fleire gav og uttrykk for at dei var flinke til å informera kvarandre når det var naudsynt.

Dei tilsette meinte at dei nok kunne verta betre sjølve med å innhenta aktuell informasjon, spesielt etter at dei hadde vore borte frå skulen ein dag eller meir.

Elevane er aktive i læringsprosessen.

- *vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremja kontakt mellom skule og heim*

Fleire av foreldra gav uttrykk for at t.d. vekeplanane gav nok informasjon, medan nokre ville ha oftare tilbakemeldingar. Ein lærar hadde vekeplanar kor foreldra vart "tvungne" til å involvera seg i eleven sitt arbeid. Skulen har skjema for undervegsvurdering som dei nyttar til foreldresamtalen, og vurderarane såg fleire gode døme på slike.



Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt.

- elevane får respons på arbeidet sitt

Elevane fekk både munnlege og skriftlege tilbakemeldingar på arbeidet sitt. I hovudsak fekk elevane munnlege tilbakemeldingar, medan skriftlege tilbakemeldingar vert gjeven etter t.d. innlevering av skriftlege arbeid. Elevane gav uttrykk for at dei fekk den hjelpa dei trong, og at lærarane var flinke til å rettleia dei. Dei tilsette meinte at munnlege tilbakemeldingar er like viktige som skriftlege, noko dei svakare elevane har større utbytte av. Vidare meinte dei at mange gode tilbakemeldingar skjer her og no, i det daglege møte med elevane. Lærarane prøver å vera konkrete i sine tilbakemeldingar, framfor ord som bra, flott osv.

- det vert gjennomført elevsamtalar/utviklingssamtalar

Skulen gjennomfører elevsamtalar på alle trinn. Dei har laga eit felles skjema som dei brukar til samtalanene. I desse samtalanene vert både sosiale og faglege emne drøfta. Det er pålagt å halda minimum to elevsamtalar kvart skuleår, men fleire lærarar har fleire enn desse to obligatoriske samtalanene. Nokre lærarar gav uttrykk for at det til tider kan vera vanskar med å få tid til gjennomføring. Elevane gav og uttrykk for at desse samtalanene var nyttige. Dei er viktige, då dei er elevane sin medarbeidarsamtale.

Skulen har felles rutinar/system for vurdering.

- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat

Skulen har faste planar for kartlegging på alle klassetrinn, og desse kartleggingane vert gjennomført etter planen. Planen er kjent for dei tilsette. Likevel kan skulen arbeida vidare på dette feltet, spesielt med oppfølging av resultatata. Resultatet skal visa igjen i den vidare planlegginga av undervisninga.

Og elles:

- stor trivsel blant elevane
- de tilsette skrytte av arbeidsmiljøet ved skulen
- stort uteområde, aktive elevar
- flott, ny ballbinge
- vennlege og høflege elevar
- under observasjon opplevde vurderarane at elevane var rolege og arbeidde godt
- både elevar og tilsette gav uttrykk for at skulen var moden for renovering



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon.

- Skulen drøftar ulike omgrep innanfor vurdering med og utan karakter
- Skulen har felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering

På dette feltet hadde skulen ei veg å gå. Dei siste åra hadde dei fleire gonger drøfta desse omgrepa. Skulen har eit samarbeidsprosjekt med Evanger barne- og ungdomsskule og Granvin skule om elevvurdering, men har enno ikkje kome fram til noko felles forståing av kva som ligg i dei ulike omgrepa. Det er viktig at skulen drøftar seg fram til ein felles praksis og at det blir følgt opp og satt i system.

Dei nye forskriftene gjev tydelege signal om at elevvurdering, individuell vurdering, er viktig, jf. § 3-1 i Forskrift til opplæringslova – Rett til vurdering. Av den grunn må skulen gripa skikkeleg fatt i emnet. Ved at skulen no har ekstern vurdering på tema elevvurdering, gjer at skulen no vert meir forplikta til å halda fokus på tema over tid.

Dei tilsette meiner dei ikkje får nok tid til å halda fokus over tid, då mykje av samarbeidstida vert nytta til informasjonsdeling og diskusjon om praktiske ting. Mykje av informasjonsdelinga bør den einskilde læraren kunne innhenta sjølve. Skulekvardagen må difor organiserast slik at det vert lagt til rette for pedagogisk drøfting på området, som til dømes starta arbeidet med å formulera kjenneteikn på måloppnåing/kriteriebasert vurderingsverktøy. Det vil lette vurderingsarbeidet til lærarane på sikt.

Elevane er aktive i læringsprosessen.

- Vurderinga fremjar eleven si evne til å gjere bevisste val
- Eleven er bevisst på eigne læringsprosessar
- Eleven får vera med å bestemma kva som skal vurderast når det er naturleg

*Frå Forskrift til opplæringslova. § 3-12 Eigenvurdering.
Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.*

Mappevurdering, som kan vera ein del av eigenvurdering, er i bruk på skulen. Men fleire lærarar seier at dei ikkje er flinke nok til å ta med elevane. Elevane seier og at dei i svært liten grad får vera med å bestemma.

Læraren har eit ansvar for at det er mogeleg for eleven å bidra med si eigenvurdering. For å hjelpa til her, bør skulen ha rutinar for korleis dei ulike trinna skal arbeida og implementera eigenvurdering.

For å auke elevane sitt læringsutbytte, vert det stilt krav om at eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga. Eleven skal sjølv vera aktivt med i vurderinga av eige arbeid.



Arbeid med kriterium knytt til læringsmåla vil truleg vera nyttig i prosessen med å auka elevane si evne til eigenvurdering.

Ved å utvikla elevane si evne til å vurdere eige arbeid, motiverar ein til større engasjement, trivsel i skulekvardagen og bevisstheit om si eiga læring.

Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt.

- *Eleven får undervegsvurdering*
- *Læraren forklarar kva som må til for å nå kompetansemåla*

I Forskrift til opplæringslova: § 3-2. Formålet med undervegsvurdering.

"Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven. Vurderinga skal gje god tilbakemelding og rettleiing til elevane."

Vurdering i fag skal både bidra til læring i fag og samtidig gje informasjon om måloppnåing. I *undervegsvurderinga av fag* er vurderinga i større grad knytt til eleven sin læreprosess. Denne vurderinga skal vera ein reiskap for å hjelpa eleven vidare i arbeidet sitt. Undervegsvurderinga fortel ikkje berre kva eleven *har* oppnådd, men og kva han *kan* oppnå i den vidare opplæringa. Med andre ord lærer eleven kva han *enno ikkje har lært*.

I dei nye forskriftene understrekar ein at alle kompetansemåla skal vera grunnlaget for vurdering. Det betyr at elevane si måloppnåing skal målast ut frå dei mål som er satt opp i fagplanane.

Alle klassane hadde læringsmål på vekeplanane, men fleire elevar sa at dei ikkje studerte dei så nøye. Skulen bør sjå til at alle elevane kjenner måla, og at dei vert kontrollerte gjennom måloppnåing.

Vidare seier lærarane at dei ikkje er gode nok på å gje undervegsvurdering som gjev *læring*, det blir ofte tilbakemelding som seier noko om kva eleven kan/ikkje kan. Fleire elevar saknar råd om korleis dei kan jobba vidare for å utvikla seg. Det er ikkje godt nok at tilbakemeldingane seier "du må øva meir" eller "dette var bra" osb.

Summativ vurdering er vurdering *av* læring, og då opptrer læraren som dommar. Formativ vurdering er vurdering *for* læring, og då fungerer læraren som trenar. Det er som trenar ein skal opptre når ein gjev undervegsvurdering.

Skulen har felles rutinar/system for vurdering.

- *Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering*
- *Skulen har eit system for kartlegging og oppfølging av resultat*

Lærarane har til ein viss grad system for dokumentasjon og arkivering. Skulen må ta stilling til korleis ein skal organisera og gjennomføre krav til dokumentasjon av t.d. halvårsvurdering som er ein del av undervegsvurdering. Skulen må få på plass eit system som alle er kjent med.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Det vil kunne letta arbeidet til lærarane når dei tek over ny klasse, slik at dei har noko grunnlag for å arbeida vidare når dei tek over klassen.

Skulen gjennomfører kartleggingsprøver, men oppfølginga er etter det lærarane seier ikkje god nok.

Det er allereie innført obligatoriske kartleggingsprøver i lesing, og fleire vil nok koma. I tillegg har me nasjonale prøvar. Kartleggingar på 1.-3. trinn er innført, og det er mellom anna for å styrke tidleg innsats i skulen.

Når departementet innfører nye kartleggingsopplegg, er det ein grunn til det. Det vert såleis viktig at skuleeigar er kjent med og drøftar resultatet av desse, og då må skulen ha på plass faste reglar om korleis ein skal fylgja opp resultatata. Det hadde kanskje vore ein fordel om skuleeigar kunne koma med felles retningsliner på dette feltet, retningsliner som skulle gjelda alle skulane i kommunen.

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 29. oktober 2009

Janne Brurok

Willy Solberg